

Dansar- Eli.

Den vetle, kvike menneskja var fødd «same åre som knivskeiene hans Per Skutlbakka var gjorde», og det var i 1812. Og fordi ho var fødd «hardåre», var det ho vart så liti på vokst, sa ho sjøl i spøk. Ho var fødd i Nedre Heidale, og mor hennar, ho Kari Brennum, skulde vera ei noko underleg ei. I di vetle stugun sine hadde ho den einaste kui ho åtte, ståande i kleven um vintrane og kan hende somrane med. Ein vår ho hadde fått kui fram på tuva att, hadde kui kome saman med bølingen på Slette, og um kvelden tok ho Kari i mist og tok ei ku deres Slette og reiste av med; for dei to kyrne var nok svært like på let. Da var det ein av dei namngjetne Holsteinkarom frå Røvshaugje sa desse ordi, som har gått att i bygdi sidan: «En okse kjen-der sin eiermand og et asen sin herres krybbe, men ho Kari Brnnum kjende ikkje kui si, som ho ha gått i brød med heile vintern».

Kven som var far hennar Dansar-Eli, kan eg ikkje gjeva greie på, eg kom aldri på å spørja ho um det, og det var heller ikkje sikkert at ho visste

det, ho heller. Men ein skulde snarast tru at far eller mor hennar hadde vore av taterætt. Den gule hamleten, ørnenasen, dei små brune, kvasse augo og det ramsvarte håre sa frå at ho ikkje var av gammalt, ublanda dølablod. Og noko av tatersveipen hadde ho i seg au all sin dag: ho kunde aldri gjeva seg i ro nokon stad for noko langverande. Live hennar var å flakke umkring, grendimillom og bygdamillom.

I dei yngre år skulde ho vera burte og tene, men folk tykte ho var ei vâse, likesæl, forutan umtanke og usætande. Ho hadde slik hug til å renne på alle dansar, og etter ho hadde gjort ei sers namnkundig dansarferd ein gong, fekk ho sidan bera namne Dansar-Eli. Denna ferdi skulde gå såleis for seg: Ho skulde likesom vera vinterbudele og liggje i ei tå Vågâ-sætrom og gjeva upp fore. Så bar det nok til å bli langsamt åt henne da det leid på, og da kjørekaren skulde heim i bygdi og bli verande i nokre dagar, stod ho ikkje imot. Ho reiste frå budestelle og alt og drog til bygdar. Og da ho fekk høyre på vegen at det var dans ein stad, gjekk ho Eli dit. Tenesti og sætri gav ho ein god dag, og buskapen vart ståande nokre dagar forutan mat, til kjørekaren kom burti sætri att. Såleis gjekk snakke i bygdi, men sjøl sa ho Eli at det meste av det var lygn.

Heller ikkje var ho meir forgjord til å danse enn andre unge gjentor, sa ho, men ho var huga til å danse springleik. Støtt hadde ho med seg ei gjente og var gut. — Ho dansa aldri med gutar og aldri

anna enn springleik. Når spelmannen let leiken hennar, så måtte ho på golve, og den leiken er ein litn lettliiva, taktfast ein, gamal og med ord til:

∴: Ho Dansar-Eli og ho Tutter-Kari,
 'n Svein Olsson på Bergje bur, ∴:
 ∴: Svein ektedreng, Ola kjellarmeinn
 Svein Olsson på Bergje bur. ∴:

Etter ho Dansar-Eli kom hardleg langt ut i gjenteâri, fekk ho eit bân, men det døydde att um ei tid, og så for ho og skulde ha fast tenest ridomtil. Leid frå nokre år, fekk ho eit bân til, ein gut som heitte Ola, ein stor, voksterleg gut, som hadde dei småe, brune augo og det svarte håre etter mor si. — I oppvoksteren heitte han mykje attåt Dansar-Eli-Ola.

Men ennå var ikkje ho Dansar-Eli ferdig med å auke verdi — ho fekk eit bân til. Men det vart ikkje levande mange år, og i den tidi den ungen livde, hadde ho Eli sine tyngste dagar her i verdi. Ho greidde ikkje no lenger å føde seg og to ungar, og så måtte fjordungen yte hjelp både med husvære og mat. Og da ho no hadde havt tri born i alt, med kvar sin barnefar, fekk ho dom på seg til mange dagar vatn-og-brød og kom på Lunn-huse.

Mor tala ofte um kor ilt det var å sjå ho på den ferdi. Ein hardhjerta vørdesløysing hadde teke på seg å skjusse ho med bâne ut på Lunn-huse, og så var dei framme heime hjå oss og kvilte på utferdi. Skjusskaren onna på og hadde ille stunder og

vilde ikkje gjeva Eli tid til å ha det vetle bane utor reivom, enda det gret hjerteleg vondt, sidan det hade vætt seg og attåt var sårt over heile kroppen. Mor måtte leggje seg imillom før den uvetlege skjusskaren gav henne stunder til å røkte bane, og ho fann Eli både mat og drikke, så ho slapp eta av den turre skrinne nista følgjesmannen bau henne.

Etter ho hadde stått straffi ut og kom heim att, tykte fatigstyre at dei helst fekk ta ungen frå henne. Da fjordungen tykte det vart dyrare å føde bane, tok dei minste ungen, og ho Eli fekk syte for seg og den eldste, som no var nokre år. Dei gjorde avtale med ei kjerring der ho Eli budde, um å ta ungen. — Ho hadde nå elles ikkje ord for å vera slik, at ho let hjertelage laupe av med seg heller. Men morskjensla var for sterk hjå henne Eli, ho nekta å sleppe frå seg bane med godom. Då tok kjerringi og tilsynsmannen det med list. — Dei fekk narra Eli til skogs etter ei vedbørd, og da ho kom att, var døri stengd: klædetufsome og dei andre småtølane hennar stod ute på gardsrome, og gutungen sende dei henne gjenom glase. Her var ikkje noko gjera, men da ho fekk høyre bane sitt gret inne i stugun, vart ho som frå seg, og det var med vald og tvang dei fekk ho frå staden. Kvar gong ho tok upp att dette, i minne, gret ho og sa at ho aldri kunde gjeva til korkje kona som tok bane, eller tilsynsmannen den harde, hjertelause framferdi mot henne og gutungen. Bane døydde um ikkje lenge etter.

Nå heldt Eli og gutungen hennar til på ymse stader i bygd. Ho skar og hogg lauv og var med i

onnarbeid um somrane, og den årstidi stod det ikkje på. Verre var det um vintrane, for ho dugde lite til handarbeid. Det einaste var at ho fekk arbeid med å karde ull på gardom, spinne dugde ho ikkje til. Men ho slong igjenom forutan fatighjelp. Ofte tok ho ei langferd med gutungen heilt ut åt Gausdalsbygdom. Beint fram bad sitt brød gjorde ho ikkje, men folk var godbeine og gav henne og gutungen både mat og klæde der dei for. Imillom kunde ho få arbeid med eitkvart uvant av arbeidet på ein gard i nokre dagar. Såleis sleit ho seg igjenom til sonen skulde gå for presten. Da tok bygd han eit par år, og da han var framsloppen, reiste han på fjordakanten. Og som han vart heilt vaksen kar, kom han til Chicago i Amerika og skulde bli ein dugande murar. Men mori hørde aldri meir eit ord frå honom sidan han reiste utor bygd. — Han gløynde ho nok heilt.

Da ho ikkje lenger hadde sonen å syte for, rann det upp reint i godtid for ho Dansar-Eli. Ho for vidt umkring um somrane, arbeidde så ho heldt seg med klæde, og hadde takomtil lite i pungen når ho kom til bygdar att um haustane ut i skurdonni. Så var ho med i jordeplegravingi, og når hausten og vinteren kom, fekk ho seg husvære i ein plass ein stad, greidde husleiga med å bera ved frå skogen og med å karde ull um kveldane. Men lange tider um gongen kunde ho aldri halde seg roleg i husvære, ho måtte gjera ferder att imillom.

Heime hjå oss var ho mykje. Ein halv sommar var ho gjætar, fordi gjætarguten var låk og

måtte slutte; så var ho i fleire haustar med og hogg lauv, grov jordeple og meire slikt. Jamnan når ho var ute på ferdom sine og ho kom inn helme, såg ho etter um mor trong ved. Var det vedlaust, fann ho seg eit reip, gjekk til skogs og kom um ei tid att med ei raskevedbørd så svær at ho var som eit lite hestelass. Når så einkvan av oss kytte av det svære «skjorreire» ho kom med, hytta ho med staven etter oss, svinga seg på golve bråkvast i snu-om og trippa lett som ei ungjente. Ho var gånåfull og lettliva og svært hjert på å fortelja bygdanytt og sladder. Men når ho bar til å fortelja, saud gryta støtt overfor henne, og dei som kjende henne, baud aldri til å fortelja upp att det ho kom med — når det ikkje var sladdertungor, som helst såg, at alt voks i malnaden.

Som alle kvinnfolk og mange karar med, fordi, var ho Eli hjert på kaffe, og den åtte ho likeså stor umsut for som for maten — og heller større. For når ho hadde kaffe der ho for, så lagdest det alltid eitkvart til å eta. Huskjend var ho mest kvar ho kom, og så fann ho upp den vetle kaffeosen sin, fekk seg brenne og brende kaffe, — ho vilde «span-dere» på heile huse. Så fekk Eli mat av det beste huse åtte, og lite i posen attpå når ho gjekk. Med det rutla ho til næraste staden ho visste det kunde løne seg å gjera eit liknande lag, — kan hende ho ikkje kom lenger heller på ein dag eller to: kjer-ringi skulde anten ha klypt skreddarlappar eller fil-lor eller ha karda ull, som gjentone i huse skulde spinne. Og så satt Eli ved peisen med soks eller

kardar ein to-tri dagar, hadde det godt og hugnad-legt med mat og kaffe og fortalde nytt frå inna-grendes og utagrendes, pålitande og sannsoglegt. «Det er låkt å ljuge — eg veit ikkje kå det skal vera til å gå ljuge!» sa ho Dansar-Eli.

Noko av det beste ho Eli visste av her i verdi, var mølje, feit mølje, og til kvar vinter når det leid nære innunder jul, fekk ho møljefeitt hjå mor. Ofte kunde einkvan da gjeta på at det var uvisst kva slag feitt ho fekk, — det kunde ratt vera hundfeitt, dess-meir. Da hytta ho med staven, kom trippande og gjorde seg morsk: hadde det vore vi, så kunde det likna oss å gjeve henne hundfeitt, men ho mor — nei, ho var anna ho, hell dei stygge ungane sine!

Heilt til ho var 80 år, gjekk ho bygd i rundt stadugt, og fyrst dette bele trong ho lite hjelp av fjord-ungen. Ennå gjekk ho lett og var like svint til å snu seg rundt, trippe og hytte med staven. Men så sette ho av eine auga, og eine medermi*¹⁾ slo seg gall. Ho bar til å halte og kom seinare fram når ho var ute på ferdom sine. Likevel hangla ho på same visen i 12—14 år ennå. I siste årom sine slutta ho mesta å drikke kaffe, men enda heldt ho ved den gamle visen med å gjera kaffelag på dei gamle stadom, der ho hadde vore god husvenn. Det siste åre ho livde, måtte ho halde seg roleg, og så la ho staven ned for alle tider, da ho hadde fyllt fjorten år på det femte tjuge.

¹⁾ medermi: hofli.